



HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Herøy kommune

Detaljregulering for Fosnavåg hamn - Nørvågen

Offentleg ettersyn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Planframlegg og konsekvensutgreiing for Fosnavåg hamn – Nørvågen er lagt ut til offentleg ettersyn. Bakgrunnen for planarbeidet er at Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn frå dagens 6 meter til 8,3 meter. I samband med mudring av hamna, er det behov for etablering av lokalt deponi for forureina og reine masser. Reguleringsplanen omfattar tilrettelegging for etablering av ny næringsbebyggelse, etablering av hamn og kai og omsynssoner for skred og stormflod.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Skredfaren er kartlagt for området. Deler av planområdet er utsett for 5000-årsskredet. 5000-årsskredet er vist som omsynssone i plankartet. Føresegna knytt til omsynssona bør skildre gjentaksintervallet til skredfaren (5000-årsskredet). Vidare kan krav til tryggleik innanfor sona konkretiserast med tanke på tryggleikskrava i TEK17 § 7-3.

Det er ein føresetnad for skredfarevurderinga at betongmuren held same standar som under synfaringa. Planen må sikre at betongmuren ikkje vert fjerna/endra slik at skredfaren mot planområdet aukar.

ROS-analysen skal mellom anna avdekke, og dokumentere, om planområdet er eigna til utbyggingsføremålet. Ut frå informasjonen i ROS-analysen og andre vedlagte dokument, er vi usikre på om dette er tilstrekkeleg avklart med tanke på grunnforholda. Kommunen må vere trygg på at arealet kan nyttast som regulert, eventuelt setje krav til tiltak og krevje dokumentasjon i byggesak på

at tiltak er plassert/prosjektert/utført slik at ein oppnår tilfredsstillande tryggleik mot skade eller vesentleg ulempe.

Forureining og støy

Vi minner om at tiltaka er søknadspliktige til Fylkesmannen, jf. Forurensningslova §11 og forureiningsforskrifta kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag.

Føresegnene må gi rammer for støy frå planområdet, både når det gjeld anleggsperioden og driftsperioden. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2016, tabell 4 og 5, gir rammer for anbefalte støygrenser for bygg og anleggsverksemd. Desse støykrava må leggast inn i føresegnene til planen. Likeeins må støygrensene for driftsfasen, gitt i tabell 3 også konkret refererast i føresegnene. Vi legg til grunn at dette blir gjort før planen blir vedteken.

I vår fråsegn ved oppstart av planen, peika vi på at det måtte ligge føre ei støyfagleg utgreiing som viser framtidig støytilhøve som følgjer av tiltaka planen opnar opp for. Ein slik støyfagleg utgreiing skal gi grunnlag for å stille krav til nødvendige støyreduserande tiltak som sikrar tilstrekkeleg gode støytilhøve for bustader som ligg innanfor influensområdet for støy. Herøy kommune har svart på denne fråsegna med å stille rekkefølgekrav i føresegnene til planen om at det skal gjerast støyfaglege utgreiingar som syner støysituasjonen ein kan forvente både av anleggsarbeidet og etter ferdigstilling. Desse to utgreiingane skal vere ferdigstila og godkjende før prosjekta/tiltaka/utbygginga kan startast opp. Tilgrensande reguleringsplan for indre hamn, blei vedteken med tilsvarande føresegn. Fylkesmannen rår likevel sterkt til at dette utgreiingsarbeidet gjerast så snart som mogleg, slik at resultatet kan bli med og legge premissar for utbygginga. Ut frå støyrapport, utført av Multiconsult i 2012, ser ein at båtar som ligg til kai over natta i fiskerihamna, som har hjelpemotor i drift, gir overskridingar av grenseverdi for mange bustader rundt hamna. Det er vanskeleg å utforme støyskjermande tiltak for denne støykjelda. Kanskje er landstraum eit nødvendig tiltak for å avbøte problemet, og dette er i så fall eit krav som burde fastsetjast gjennom reguleringsplanen.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader, og ber og at desse takast med i den vidare sakshandsaminga.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Forureining: Thomas Aurdal, tlf.: 71 25 84 67
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf.: 71 25 84 15

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
STATENS VEGVESEN

Postboks 2500 6404 MOLDE

Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO

Postboks 1010 Nordre Ål 2605 LILLEHAMMER